



Vaksdal kommune

TILLEGGSINNKALLING

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 15.03.2022
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 12:00 - 16:00

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
31/2022	FORSLAG TIL AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID GJELDANDE BARNEVERNSTENESTA

14. mars 2022

Hege Eide Vik
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
31/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	15.03.2022
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad		21/1176

FORSLAG TIL AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID GJELDANDE BARNEVERNSTENESTA

Vedlegg:

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy og Vaksdal barnevern

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune vedtek samarbeidsavtalen for etablering av administrativt vertskommunesamarbeid om barnevern slik den ligg føre.

Kommunedirektøren i Vaksdal får fullmakt til å overføre kommunedirektøren si fullmakt for barnevernet til kommunedirektøren i vertskommunen, Osterøy kommune, før oppstart av samarbeidet.

Kommunedirektøren samarbeider med kommunedirektøren i Osterøy om ein plan for oppstart og implementering. I den grad implementering ikkje kan løysast innanfor vedtekne rammer, eller ekstern finansiering, vert dette reist i eigen sak for kommunestyret.

Kommunestyret i Vaksdal gir administrasjonen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet, som ivaretar behovet for å identifisera barnevernet på vegne av både Vaksdal og Osterøy sine på vegne.

Saksopplysningar:

Kort om saka

Etter vedtak om eit eventuelt interkommunalt samarbeid med barnvernstenesta har det gjennom 2021 vore gjennomført ulike prosessar og utgreiingar knytt til barnevernstenesta og ny Lov om barnevernsteneste. Forslag til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid der Osterøy er vertskommune og Vaksdal er samarbeidskommune er utarbeida.

Heimel

Saker og vedtak i politiske organ i perioden desember 2020 til mars 2022:

Møte 15.12.2020, sak 97/2020 – Budsjett 2021, Vaksdal kommune, med vedtak:

«Administrasjonen skal i løpet av første halvdel av 2021 leggje fram ei sak til kommunestyret med alternativer for eit interkommunalt samarbeid om barnevernstenester. Fokuset i saka skal vere korleis Vaksdal kommune skal kunne tilpasse barnevernstenesta til krava som forelegg i barnevernsreformen. Dei tilsette vert involvert i prosessen.»

Møte 28.09.2021, sak 88/2021 - Orientering om utgreiing av samarbeid med andre kommunar om barnevernstenesta, med vedtak:

«Kommunestyret tek saka til orientering.»

Møte 14.12.2021, sak 119/2021 – Interkommunalt samarbeid for barnevernstenesta i Vaksdal, med vedtak:

«Kommunestyret ber kommunedirektøren om å fortsetje prosess om felles barnevernstenesta med Osterøy kommune med mål om avtale om interkommunalt samarbeid. Kommunestyret ber om at ein får ei utgreiing om fordelar/ulempar med dei ulike interkommunale samarbeidsformene.»

Møte 08.03.2022 – 06/2022 (Levekårsutvalet) – Utgreiing om ulike interkommunale samarbeidsformer i høve barnevernssamarbeid, med vedtak frå Levekårsutvalet:

«Kommunedirektøren tilrår samarbeidsmodellen «Administrativt vertskommunesamarbeid» i det føreståande interkommunale samarbeidet med Osterøy kommune om barnevernstenesta.»

Bakgrunn for saka

Kommunedirektøren viser til tidlegare saker der eit interkommunalt samarbeid om barnvernstenesta og ulike interkommunale samarbeidsformer er utgreia.

Med bakgrunn i desse sakene og vedtaka som er gjort har administrasjonane i Osterøy og Vaksdal kommunar utarbeida ein avtale om administrativ vertskommunesamarbeid. Denne ligg ved.

Forslag til avtalen vart ferdigstilt 11. mars 2021. Osterøy kommune vil leggja forslag til avtale fram for kommunestyret i Osterøy 4. april 2022. For å samkøyra prosessane i Vaksdal og Osterøy vert forslag til avtale difor lagt fram for kommunestyret i Vaksdal parallelt.

Barnevernstenesta i Vaksdal har i fleire år òg hatt ansvar for barnevernstenesta i Modalen. Modalen har signalisert at dei vurderer å vera med i det nye vertskommunesamarbeidet, men dette er ikkje avklart pr. d.d.. Prosessen i Modalen er i gong og det er mogeleg deira avgjer er klar innan Vaksdal sitt kommunestyremøte 29. mars. I så tilfelle vil kommunedirektøren i Vaksdal kome tilbake med informasjon om dette. Kommunedirektørane i Osterøy og Vaksdal er positive til at Modalen vert med i vertskommunesamarbeidet.

Økonomi

Fordelinga av kostnadane vert gjort ut frå innbyggjartal i gruppa under 18 år. Samansetjinga i dag er at Osterøy har 69% og Vaksdal har 31% av innbyggjarar i denne gruppa. Kostnadane vert fordelt ut frå dette. Kostnadane til personell og kontor for 2022 er på 8,5 millionar for begge kommunane. Tiltak som vert sett inn vert dekkja av kommunen som barnet bur i.

Vurdering

På bakgrunn av framforhandla avtaleutkast, og på grunnlag av det faglege og administrative samarbeidet mellom kommunane som er etablert i utviklingsprosjektet, tilrår kommunedirektøren at

avtalen vert vedtedteke slik den ligg føre.

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy og Vaksdal barnevern

1. Samarbeidskommunar

Avtalen gjeld mellom Osterøy som vertskommune og samarbeidskommunen Vaksdal kommune.

2. Rettsleg grunnlag

Samarbeidet om barnevernteneste er eit administrativt vertskommunesamarbeid etter lov 22.juni 2018 nr 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 20-2.

3. Namn og formål

Namn på felles barnevernteneste er Osterøy og Vaksdal barnevern.

Målet med felles barnevernteneste er å yte heilskaplege og forsvarlege barneverntenester i eit sterkt kompetansmiljø.

4. Oppgåver

Vertskommunen skal utøve heilskaplege lovpålagte barneverntenester for samarbeidskommunane. Dette inkluderer akuttberedskap og naudsynt samarbeid med dei andre tenestene i kommunane. Barneverntenesta skal organiserast slik at den kan drive fagleg forsvarleg.

5. Arbeidsgjevarforhold

Osterøy kommune har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette og felles barnevernteneste inngår i Osterøy kommune sin driftsorganisasjon.

6. Rapportering

Vertskommunen skal løpande og så snart som mogleg rapportere om tiltak som kan ha store økonomiske konsekvensar for samarbeidskommunen. Rapportering til statsforvaltaren sendast i kopi til samarbeidskommunen.

Det skal opprettast eit samarbeidsråd med representasjon av barnevernleiar og kommunedirektørar ev. annan representant frå toppleiarnivået som kommunedirektøren bestemmer. Samarbeidsrådet skal ha møte to gonger i året.

Rutinar for budsjettering og rapportering vil bli handsama i samarbeidsrådet.

7. Delegering av mynde

Kommunestyret i samarbeidskommunen delegerer vedtaksmynde i einskildsakar etter barnevernlova til barnevernleiar i Osterøy kommune. Kommunestyret i Vaksdal gjer instruks til kommunedirektøren i eigen kommune om delegering av naudsynt mynde tilkommunedirektøren i vertskommunen, jf. kommunelova § 20-2, 2. ledd.

8. Økonomiske tilhøve

Driftskostnader skal bereknast etter sjølvkostprinsipp. Total kostnad for Osterøy og Vaksdal er berekna til kr. 8,5 mill,- pr. år. Beløpet er forankra i administrativt berekna kostnadsmodell og er basert på barnetal, 0 - 18 år, i samarbeidskommunane.

Etter første heile driftsår vert driftskostnader, ressursbruk og fordeling av faste kostnader evaluert og administrativt justert, jf. punkt 6.

I tillegg påløper kostnader i implementeringsfasen inkludert ikt-kostnadar som skal dekkast av samarbeidskommunane.

Godkjent:

Kommunestyret i Osterøy dd.ddmåå, Kommunestyret i Vaksdal: dd.mm.åå

Utgifter til individtiltak skal kostnadsførast kommunen vedkomande er heimehøyrande. Ved trong for advokattjenester ved fylkesnemndsaker og vert dette belasta kommunen vedkomande er heimehøyrande i.

Vaksdal kommune blir fakturert for fast beløp ved a-kontobeløp og avrekning.

9. Lokalisering

Barneverntenesta vert lokalisert i Osterøy kommune. Barneverntenesta skal vere til stades lokalt i Vaksdal etter tenestleg behov for barneverntenesten.

Vaksdal kommune stiller kontor- og møtelokale til disposisjon til lokal bruk for barneverntenesta og fortverrfagleg samarbeid med andre relevante tenester i kommunen.

10. Iverksetting, avtaleendring og oppseiing

Planlagt iverksetting av Osterøy og Vaksdal barnevern er primo 2022. Faktisk dato vert bestemt administrativt, dog seinast 30.06.2022.

Prinsipielle endringar i avtalen skal vedtakast av kommunestyra. Mindre endringar i avtalen kan vedtakast av kommunedirektørane i samarbeidskommunane.

Samarbeidet vil kunne bli utvida med fleire kommunar. Dette krev kommunestyrevedtak av ny samarbeidsavtale.

Den einskilde kommune kan med eit års varsel seie opp avtalen, jf kommunelova § 20-8.